



## DET KONGELIGE FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

Konkurransetilsynet  
Postboks 439 Sentrum  
5805 BERGEN

Dykker referanse

Vår referanse  
200700272

Dato  
16. februar 2007

### STATSBUDSJETTET 2007 - TILDELINGSBREV

Det vises til Stortingsbehandling av St.prp. nr. 1 (2006–2007) jf. Budsjettinnst. S. nr. 8 (2006–2007). Med bakgrunn i dette vert dei økonomiske rammene for Konkurransetilsynet sitt arbeid i 2007 tildelte. I det følgjande nemner departementet dei prioriteringane og resultatmåla til tilsynet skal legge til grunn, og dei krava til rapportering departementet har sett for arbeidet til tilsynet i 2007.

### 1. BUDSJETT OG FULLMAKTER

#### 1.1 Budsjetrammer

##### Utgifter:

**Konkurransetilsynet** er tildelt **kr 83 112 000** fordelt på følgjande kapittel og postar i 2007:

#### KAP. 1550 Konkurransetilsynet

Post	Nemning	(i 1000 kr)	Budsjett 2007
01	Driftsutgifter		78 112
23	Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA)		5 000
	Sum kap. 1550		83 112

##### Inntening

Det blir føresett at **Konkurransetilsynet** har ei inntening på **kr 193 000** fordelt på følgjande kapittel og postar i 2007:

## KAP. 4550 Konkurransetilsynet

(i 1000 kr)

Post	Nemning	Budsjett 2007
02	Ymse inntekter	193
	Sum kap. 4550	193

Inntektene er knytte til innbetaling av gebyr for handsaming av klagesaker etter regelverket for offentlige innkjøp i Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA).

### 1.2. Føresetnader for løyvingane

#### Generelt

Dersom det i løpet av året oppstår uventa utgifter på post 01 Driftsutgifter eller post 23 Klagenemnda for offentlige anskaffelser, skal desse normalt dekkjast ved omdisponeringar innafor den ramma som er gjeve. Om det ikkje er mogleg, skal det takast opp anten om våren i revidert budsjett eller om hausten i nysalderinga av statsbudsjettet. Forslaga til justeringar skal innehalde:

- Grunngjeving av forslaget om inntekts-/utgiftsendring.
- Klargjering av dei viktigaste føresetnadene og usikre moment knytte til løyvingsforslaget.
- Utgjeiring om kva tiltak som er gjennomførte for å avgrense utgiftsauken/inntektsreduksjonen.

#### Post 23 Klagenemnda for offentlige anskaffelser:

Løyvinga på post 23 Klagenemnda for offentlige anskaffelser er øyremerket sekretariatsarbeid for klagenemnda og godtgjersle til medlemer av nemnda. Punkt 2.1 gjev nærmere omtale av mål og resultatkrav knytte til sekretariatsarbeidet."

### 1.3 Fullmakter

Som vedlegg til dette tildelingsbrevet følger ei oversikt over dei økonomiske og administrative fullmaktene som er delegerte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet til Konkurransetilsynet i 2007.

## 2. MÅL OG RESULTATKRAV

### 2.1 Særskilde utfordringar og satsingsområde

Regjeringa vil føre ein konkurransepoltikk som hindrar misbruk av marknadsmakt og monopoldanning. Konkurranse er eit viktig verkemiddel for å nå målet om effektiv ressursbruk. Dette gjer sitt til at forbrukarane får rimelege varer og tenester av god kvalitet, konkurranseevna til næringslivet blir styrkt og grunnlaget for det offentleges evne til å yte velferd aukar.

Konkurransetilsynet skal handheve konkuranselovgjevinga for å få til velfungerande konkurranse mellom føretak. Sentrale verkemiddel er konkuranselova sine forbod mot

konkurranseavgrensande avtaler og utilbørleg utnytting av dominerande stilling, og inngrep mot føretakssamanslutningar som avgrensar konkurransen.

Marknadsløysingar har mange gode eigenskapar og skal framleis vere hovudregelen i den norske økonomien. Det er difor naudsynt med ei streng konkurranselov og eit aktivt tilsyn med konkurransen. Konkurransestilsynet skal mellom anna peike på konkurranseskadelege verknader av offentlege reguleringar og fremje forslag til tiltak for å bøte på skadelege verknader. Regelverket for offentlege anskaffingar skal stimulere til konkurranse og leggje til rette for nyetableringar.

Den mynde som dei ulike reglane i konkurranselova gjev Konkurransestilsynet, skal utnyttast fullt ut for å motverke konkurranseskadeleg verksemnd.

Regjeringa meiner samstundes at marknaden ikkje alltid er eit effektivt verkemiddel for å nå viktige samfunnsmål. Regjeringa ynskjer ikkje ei kommersialisering av viktige velferdsområde som utdanning, helse og omsorg.

Desse fire arbeidsområda vil vere dei viktigaste for det arbeidet Konkurransestilsynet skal gjere i 2007:

- Handhevinga av konkurranselova med tilhøyrande forskrifter og oppfølging av EØS konkurranselova
- Synleggjere resultata av Konkurransestilsynets arbeid
- Følgje opp intensjonen med flyttinga av Konkurransestilsynet til Bergen
- Sekretariatsarbeidet for Klagenemnda for offentlige anskaffelser

#### Koncurranselova

Myndighetsutøvinga knytt til ei forbodsbasert lovgjeving set store krav til Konkurransestilsynet. Konkurransestilsynet må syte for oppbygging av ein organisasjon som fyller dei krava handhevinga av lova fører med seg. Konkurransestilsynet har tilsett mange nye medarbeidarar, og må særleg legge vekt på å få gjennomført naudsynete opplæringstiltak som tryggjer ein god forvaltningsmessig og konkurransefagleg kompetanse i organisasjonen.

Koncurransen i lokale marknader skal følgjast opp. Dette er i samsvar med § 1 i lova som fastset at det ved bruk av lova særleg skal takast omsyn til forbrukarane sine interesser. Koncurranselova § 9 fastset at Konkurransestilsynet skal føre tilsyn med konkurransen i dei ulike marknadene gjennom m.a. å peike på konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak. Konkurransestilsynet må tilpasse ressursbruken sin slik at desse krava blir følgde opp, jf. faglege mål og resultatkrav i punkt 2.2.1, og dei krava som følgjer av meldeplikta for føretakssamanslutningar.

#### Resultatmåling og evalueringar:

Departementet vidarefører prosjektet for etatsstyring i 2007. Konkurransestilsynet vil verte trekt aktivt med i det vidare arbeidet med å utvikle styringsdialogen med departementet, mellom anna gjennom arbeidet med å fastsetje nyttige resultatindikatorar.

Eit hovudmål for prosjektet er økt synleggjering av tilsynet sitt arbeid gjennom resultatrapporteringa. Konkurransestilsynet skal tilpasse resultatrapporteringa for 2007 til auka merksemd knytt til forvaltningsrevisjon. Konkurransestilsynet skal nyttiggjere seg sitt eige

arbeid med utvikling av formålstenlege interne rutinar for resultatevaluering slik at resultata av tilsynet sitt arbeid vert synleggjort i rapporteringa til departementet. Resultatmålingane og evalueringane skal vere knytte til tilsynet si ressursdisponering, faglege prioritering og verksemdsplanlegging.

#### Etableringa av Konkurransetilsynet i Bergen

Eit mål med flyttinga av Konkurransetilsynet til Bergen var etablering av ein etat med høg og stabil kompetanse i eit miljø med god rekruttering. I den vidare oppbygginga av Konkurransetilsynet sin organisasjon i Bergen, må tilsynet legge forholda til rette for oppbygging av ein organisasjon i tråd med målet for flyttinga. I samband med etatsstyringsmøta og resultatrapporteringa skal Konkurransetilsynet halde departementet orientert om rekrutteringsforholda i Bergen og kva tiltak som er sette i gang for å tiltrekke seg og behalde medarbeidarar med høveleg kompetanse.

#### Klagenemnda for offentlige anskaffelser

Departementet skal sluttføre evalueringa av KOFA i 2007. Konkurransetilsynet skal setje av ressursar til oppfølging av evalueringa.

Løyvinga på post 23 KOFA er auka for å styrkje bemanninga ved sekretariatet med sikte på å korte ned sakshandsamingstida og redusere opparbeidde restansar. KOFA må vere administrativt og kompetansemessig tilpassa oppgåvene sine, medrekna innføringa av sanksjonskompetanse for ulovlege direkte innkjøp. Konkurransetilsynet skal legge til rette for kontinuitet i sekretariatet sitt arbeid med saker for nemnda og redusert sakshandsamingstid og restansar innan utgangen av 2007.

Departementet har skilt ut arbeidet knytt til KOFA i ein eigen budsjettpost og Konkurransetilsynet har budsjettansvaret for løyvinga på post 23 KOFA. Tilsynet må i samråd med leiaren av nemnda etablere ordningar som sikrar budsjettmessig kontroll i høve til løyvinga.

Rapporteringa frå Konkurransetilsynet må legge vekt på å synleggjere resultata av redusert sakshandsamingstid i sekretariatet for KOFA.

## 2.2 Faglege mål og resultatkrav

### 2.2.1 Effektiv handheving av forbodsforesegnene i konkurranselova.

Konkurransetilsynet skal sørge for at konkurranselova og EØS-konkurranselova vert handheva effektivt. Konkurransetilsynet skal:

1. Ved kontrollar avdekkje og fjerne ulovlege og skadelege konkurranseavgrensingar.
2. Prioritere handhevinga retta mot grove brot på forbodsforesegnene, m.a. med sikte på at handhevinga skal få ein generell preventiv verknad.
3. Leggje vekt på forbrukaraspekta i konkurranselova gjennom m.a. å setje fokus på lokale marknader.
4. Setje av ressursar til å evaluere og kontrollere at vedtak vert etterlevde.
5. Bruke lemping av gebyr- og bøtenivå for bedrifter som hjelper konkurransestyresmaktene på ein måte som fører til at brot på forboda vert avdekte.
6. Avsetje ressursar til å følgje opp marknader som blir kjenneteikna av større marknadsendringar.
7. Rettleiingsplikta skal oppfyllast slik at dei næringsdrivande kan innrette seg etter lova.

8. Saman med departementet i det vidare arbeidet med etatsstyringsprosjektet utarbeide retningsliner og naudsynte rutinar for det internasjonale arbeidet med sikte på å klårgjere mandat, ansvar og oppgåver for tilsynet.
9. Prioritere EØS-enkeltsaker som gjeld norske forbrukarar eller bedrifter, prinsipielle saker, og saker der andre interesser enn konkurransopolitiske interesser står sentralt. I slike saker skal Konkurransestilsynet orientere departementet.

#### **2.2.2 Effektivt tilsyn etter føresegnehenvilje i konkurranselova om føretakssamanslutningar**

Konkurranselova fastset at Konkurransestilsynet skal gripe inn mot ei føretakssamanslutning dersom tilsynet finn at samanslutninga vil føre til eller forsterke ei vesentleg avgrensing av konkurransen i strid med formåla i lova.

Konkurransestilsynet skal ha naudsynt fagleg og administrativ merksemd knytt til behandlinga av føretakssamanslutningar, og legge til rette for å minimere sakshandsamingskostnadene for involverte partar.

#### **2.2.3 Etterspurnadssida i marknadene skal fungere effektivt**

Dersom det trengst for å fremje konkurransen, skal Konkurransestilsynet fastsetje pålegg om prisinformasjon. Arbeidet skal koordinerast med Forbrukarombodet som er ansvarleg for tilsynet med prismerkningsføresegnehenvilje.

#### **2.2.4 Tilstrekkeleg vekt på konkurranseomsyn på andre politikkområde**

Konkurransestilsynet skal medverke til at offentlege reguleringar eller tiltak vert utforma slik at dei måla med reguleringane vert tekne vare på samstundes som uheldige verknader på konkurransen vert minst mogleg. Vidare skal Konkurransestilsynet medverke til at det ikkje skjer uheldige konkurransevridingar i marknader der offentleg verksemd konkurrerer med privat verksemd.

#### **2.2.5 Ei verksemd som fremjar formåleffektivitet, ressurseffektivitet og forbrukarorientering.**

1. Konkurransestilsynet skal hjelpe departementet i vidareutvikling av etatsstyringa, m.a. ved å delta i ”prosjekt for etatsstyring” med sikte på å utarbeide resultatindikatorar for å synleggjere resultata av arbeidet og prioriteringane i tilsynet.
2. Konkurransestilsynet skal vidareutvikle den interne sakshandsaminga si med vekt på at den skal nytte ressursane effektiv og vere brukarvenleg.
3. Konkurransestilsynet skal til kvar tid vurdere om det trengst særlege informasjonstiltak om konkurranselova.
4. Konkurransestilsynet skal vidareføre arbeidet med utvikling av elektroniske sakshandsamingsløysingar for å betre servicen og lette kontakten for eksterne brukarar. Konkurransestilsynet skal følgje opp arbeidet sitt med brukarundersøkninga med sikte på å betre brukarane sitt kjennskap til og sine vurderingar av det arbeidet tilsynet gjer.

5. I sakshandsaminga knytt til budsjettprosessar og andre administrative oppgåver i høve til departementet skal Konkurransetilsynet ha rutinar for å svare innan dei fristane som er sett, og utveksle informasjon som sikrar god kommunikasjon.
6. Konkurransetilsynet skal vurdere korleis satsinga på bruk av EFQM Excellence verktyet for kvalitetssikring og intern evaluering skal nyttast i synliggjeringa av resultata av Konkurransetilsynets arbeid. Konkurransetilsynet skal rapportere om bruk og framdrift for dette arbeidet i samband med halvårsrapporteringa.

#### **2.2.6 Særskilde bransjar**

1. Konkurransetilsynet skal prioritere ressursar til å assistere departementet i oppfølginga av konkurransetilhøva innafor utvalde marknader. Det gjeld mellom anna ein gjennomgang av helsesektoren på bakgrunn av Soria Maria-erklæringa der det heiter at Regjeringa vil styrke det offentleges ansvar og rolle og motarbeide kommersialisering innafor dei sentrale velferdsoppgåvene som helse, omsorg og utdanning.
2. Konkurransetilsynet sitt inngrep mot opptening av bonuspoeng på SAS Braathens innanlandsruter går ut 1. august 2007. Utlaupet av dette vedtaket må ikkje ta frå forbrukarar og næringsliv dei gevinstane som den auka konkurransen har ført med seg i form av lågare priser og betre rutetilbod. Konkurransetilsynet skal gjennomføre naudsynte tiltak for å oppretthalde og styrke konkurranse i norsk luftfart.
3. Konkurransetilsynet skal setje av ressursar til å assistere departementet i arbeidet med evaluering av verknadene av unntaksreglane for bokbransjen.
4. Konkurransetilsynet skal vere førebudd på å kunne følgje opp konkurransetilhøva i meierisektoren i høve til eventuelle endringar i sektorreguleringane som måtte følgje av det pågåande arbeidet med utvikling av marknadsordninga for mjølk.
5. Konkurransetilsynet skal prioritere oppfølging og gjennomgang av konkurranseforhold i marknadene for programvarer.

#### **2.3. Etiske retningslinjer**

Konkurransetilsynet skal sjå til at dei etiske retningslinene for statstjenester er kjende i heile organisasjonen, og at dei vert etterlevd på alle nivå slik at Konkurransetilsynet sin integritet kan tryggjast.

### **3. FELLES FØRINGAR FOR ETATAR UNDER FAD**

#### **3.1 IKT-området**

Konkurransetilsynet skal nytte dei internasjonale WAI-kriteria slik dei kjem fram i Noreg.no sine kvalitetskrav til nettstader, ved nyutvikling eller omfattande vidareutvikling av sine eksterne og interne nettstader. Konkurransetilsynet bør:

- gjere relevante elektroniske tenester tilgjengelege i næringslivsportalen Altinn (jf. altinn.no) og i innbyggjarportalen Miside (Noreg.no) etter lanseringa.

- følgje tilrådingar frå Regjeringa om bruk av IKT-standardar i offentleg forvaltning. Retningsliner om dette vil vere samla i ein referansekatatalog, som vert bygt opp på nettsida til FAD [odin.dep.no/fad](http://odin.dep.no/fad)
- vurdere bruk av programvare basert på open kjeldekode. Departementet har som mål å opprette eit kompetansemiljø for open kjeldekode som skal fungere som ein nøkkelressurs for offentlege verksemder.

### **3.2 Grøn stat**

Miljøleiing er eit verkty for å auke medvitet om miljøkonsekvensane av ei verksemd og setje i gang eit systematisk arbeid for å endre verksemda i ei miljøvenleg retning. Innføring av miljøleiing er ein dynamisk og kontinuerleg prosess. Det skal gjerast ein årleg revisjon av miljøleatingsarbeidet der det vert lagt til rette for kontinuerlege forbeteringar, jf. rettleiaren T-1426 *Miljøledelse i staten* frå Miljøverndepartementet. På [www.gronnstat.no](http://www.gronnstat.no) er det samla rettleiingar, verkty og relevante eksempel i samband med innføringa av miljøleiing.

### **3.3 Likestilling – aktivitetsplikta**

Konurransetilsynet skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling både som arbeidsgjevar og som representant for styremaktene, jf. likestillingslova § 1.

Konurransetilsynet skal gjere ei vurdering av ”kjønnsbalansen” internt i organisasjonen på ulike nivå, gje ei oppsummering av status og gjere greie for planlagde tiltak i årsrapporten.

### **3.4 Rekruttering av innvandrarar**

Regjeringa har bestemt at i 2007 skal alle statlege verksemder setje mål og utarbeide planar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan t.d. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast om måloppnåing i årsrapporten. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2007. I årsrapporten for 2007 skal det på denne bakgrunnen rapporterast om:

- Talet på tilsette (og prosentdel) (faste og mellombels stillingar) med innvandrarbakgrunn i verksemda den 1.1.2007.
- Kva mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2007.
- Tal og prosentdel tilsette med innvandrarbakgrunn den 1.1.2008.

Integrerings- og mangfalldsdirektoratet (IMDi) [www.imdi.no](http://www.imdi.no) gjev råd og rettleiing til statlege verksemder i arbeidet med å rekruttere fleire innvandrarar. Verksemdene kan ta kontakt med IMDi for råd og rettleiing i arbeidet, m.a. for ferdig utarbeidd skjema for å kartleggje tal på tilsette med innvandrarbakgrunn.

### **3.5 Rekruttering av lærlingar**

Konurransetilsynet skal vurdere auka rekruttering av lærlingar, til dømes innafor kontorfaget og IKT- servicefaget.

### **3.6 Tiltak for inkluderande arbeidsliv**

Konkurransetilsynet skal sette i verk tiltak som sikrar mogleg integrering av personar med redusert funksjonsevne og at eldre arbeidstakarar vert verande lengre i jobb.

### **3.7 Sjukefråvær.**

Konkurransetilsynet skal setje i verk tiltak som held sjukefråveret innafor dei måla som er sett for statleg verksemrd. Konkurransetilsynet skal i samband med årsrapporten for 2007 gjere greie for sjukefråveret og for tiltaka som er teke i bruk for å redusere sjukefråveret dersom måla ikkje er oppnådde.

## **4. RAPPORTERING I 2007**

### **4.1 Utarbeiding av årsrapport for og rapportering gjennom året 2007**

Konkurransetilsynet skal rapportere skriftleg om arbeidet to gonger i året. Utgangspunktet for tilsynet si rapportering er økonomireglementet for staten §§ 9 og 11 og føresegnene i punkt 1–5. Halvårsrapporten skal vere departementet i hende innan 22. august 2007. Tilsynet sin frist for levering av årsrapporten til departementet er 15. februar 2008. Årsrapporten skal også sendast Riksrevisjonen i elektronisk form innan denne fristen. Det skal rapporterast særskilt om bruk av midlane på post 23 KOFA.

Innan 1. mai 2007 skal Konkurransetilsynet utarbeide ein risiko og vesentlighetsvurdering for sine aktivitetar for 2007, jf. § 4 i reglementet for økonomistyring i staten. Denne vurderinga skal ta utgangspunkt i dei måla og prioriteringane som er fastsette i tildelingsbrevet og måla i tilsynet sine eigne strategidokument og verksemndplanlegging for 2007. Departementet viser her til rettleiarene ”Risikostyring i staten” som er utarbeidd av senter Senter for Stalig Økonomistyring (SSØ) og til Riksrevisjonens gjennomgang av etatanes risiko- og vesentlighetsvurderingar i sin forvaltningsrevisjon.

I halvårsrapporten for 2007 skal tilsynet rapportere om eventuelle avvik frå måloppnåing. Konkurransetilsynet skal her orientere om tiltak som er sett i gong for å rette opp eventuelle avvik. Vidare skal Konkurransetilsynet rapportere korleis EFQM Excellence er teke i bruk for å synliggjøre verknadene og resultata av Konkurransetilsynet sitt arbeid.

I årsrapporten skal Konkurransetilsynet leggje vekt på evalueringar av verknader og måloppnåing framfor reine aktivitetsskildringar. Evalueringane skal gjerast gjennom analysar som synleggjør resultata av aktivitetane og prioriteringane. Konkurransetilsynet skal m.a. synleggjøre ressursbruken på dei ulike påboda i konkurranselova og i samband med dette gje ei vurdering av dei prioriteringane som ligg til grunn for denne fordelinga.

Dersom det ligg til rette for det, skal Konkurransetilsynet ta i bruk resultatindikatorar i synleggjeringa av resultata av Konkurransetilsynet sitt arbeid, jf. det pågåande arbeidet i etatstyringsprosjektet som Konkurransetilsynet deltek i.

## **4.2 Økonomirapporteringa**

Konkurransetilsynet skal utarbeide økonomirapportar per 1. april 2007, per 1. september 2007 og per 1. desember 2007. Rapportane skal utarbeidast etter følgjande mal:

- Disponibel løyving (tildelte midlar + ev. overføringar)
- Eventuelle omdisponeringar, jf. dei fullmaktene verksemda har
- Rekneskap per dato
- Samla venta forbruk i 2007

For post 01 og post 23 bør det gjerast greie for dei viktigaste føresetnadene og eventuell uvisse som ligg til grunn for utrekning av forbruk/inntekt. Større avvik skal forklarast, jf. og punkt 1.2. over.

I tråd med etablert praksis vil departementet i 2007 halde 3 etatstyringsmøte med Konkurransetilsynet. I samband med innkalling til møta, vil utkast til sakliste verte sendt til tilsynet for merknader. Økonomirapportering vil inngå i saklista.

Fast rapportering til statsrekneskapen skal skje i tråd med retningslinene fra Finansdepartementet, jf. rundskriv R-10/2006 som ligg ved.

## **5. AVSLUTNING**

I samsvar med § 7 i økonomireglementet og føringane som er gjevne i dette tildelingsbrevet vert dei nemnde løyvingane på kapittel 1550 stilte til disposisjon for Konkurransetilsynet i 2007.

Med helsing

*Heidi Grande Røys*  
Heidi Grande Røys  
statsråd

### Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter for 2007
2. Rundskriv R-10/2006

### Kopi med vedlegg:

1. Riksrevisjonen

## Vedlegg til tildelingsbrev 2007 – Konkurransetilsynet

### Økonomiske og administrative fullmakter

#### **1. Fullmakt til å overskride driftsløyvinga mot tilsvarende meirinntekt**

Fullmakta gjeld høve til å overskride driftsløyvinga på kap. 1550, post 01 med inntil to prosent av løyvinga på posten mot tilsvarende meirinntekt på kap. 4550 post 01, og gjeld høve til å overskride driftsløyvinga på kap. 1550 post 23 med inntil to prosent av løyvinga på posten mot tilsvarende meirinntekt på kap. 4550 post 02, jf. Løyvingsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 1 og Finansdepartementets rundskriv R-110, punkt 2.4.

Den inntektsfinansierte aktiviteten må ligge innafor det som er verksemda sine mål, oppgåver og rammevilkår, og ikkje skape bindingar til å oppretthalde eit høgare aktivitetsnivå enn det som vert dekt av utgiftsløyvinga dersom meirinntekta fell bort.

Meirinntekter i form av lønnsrefusjonar frå andre statlege verksemder, jf. inntektspostane 15–18, gjev grunnlag for overskridning utan særskilt samtykke, og utan å vere bunden av gjevne avgrensingar.

#### **2. Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr**

Fullmakta gjeld høve til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr løyvd over kap. 1550, post 01 med inntil fem prosent av løyvinga, når dette er ein del av ein rutinemessig fornyingsprosess , JF § 3 fjerde ledd i løyvingsreglementet og rundskriv R-10 frå Finansdepartementet. Punkt 2.2. Salainntektene skal førast til kredit på underpost 01-21, slik at det er mogleg å kontrollere at grensa på fem prosent ikkje vert overskritten.

#### **3. Fullmakt til å inngå leigeavtaler og avtaler om kjøp av tenester utover budsjettåret**

Fullmakta gjeld høve til å inngå leigeavtaler og avtaler om kjøp av tenester utover budsjettåret 2007, som gjeld den ordinære verksemda i Konkurransetilsynet, jf § 6 andre ledd i løyvingsreglementet og rundskriv R-10 frå Finansdepartementet, punkt 2.3. Dei utgiftene ein har hatt i samband med avtala må kunne dekkjast innafor eit uendra løyvingsnivå på den aktuelle budsjettposten i heile avtaleperioden, og oppseiingsklausular skal om det trengst innarbeidast i avtala.

#### **4. Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsføremål tilsvarende innsparing i dei tre følgjande budsjettåra**

Fullmakta gjeld høve til å overskride inntil fem prosent av driftsløyvingar på kap 1550, post 01 mot tilsvarende innsparing i dei tre følgjande budsjettåra, jf. Løyvingsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 3 og rundskriv R 110- frå Finansdepartementet, punkt 2.6. Overskridninga må nyttast til investeringsføremål som innkjøp av utstyr eller bygningsmessig arbeid. Innsparinga må utgjere minst ein tredel av overskridninga ved utgangen i første påfølgjande og minst to tredeler av overskridninga ved utgangen av andre budsjettår.

#### **5. Fullmakt til å yte erstatning for skade/tap av private eigedelar**

Fullmakta gjeld rett til å yte erstatning for inntil 20 000 kroner dekt innafor verksemda sitt eige budsjett for skade eller tap av private eigedelar i samband med tenesta ved tjuveri,

innbrot, naturskade, brann o.l. Erstatninga må gjevast i samsvar med retningslinene i personellhandboka.

**6. Fullmakt til å gje løyve til utdanningspermisjon med løn i inntil eitt år**

Fullmakta gjeld rett til å avgjere kven i verksemda som skal få utdanningspermisjon med løn i inntil eitt år innafor verksemda sitt eige budsjett. Løyvet må gjevast i samsvar med retningslinene i personalhandboka.

**7. Fullmakt til å ta opp saker etter konkuranselova § 9 bokstav e) direkte med andre departement**

Fullmakta gjeld rett til å ta opp saker som gjeld konkurranseskadelege verknader av offentlege reguleringar/verksemder direkte med det aktuelle departementet, dvs utan å sende saken gjennom Fornyings. Og administrasjonsdepartementet. Ordninga er knytt til konkuranselova ! 9 bokstav e).